

Dykkar ref.:

Vår ref.:

52504607_Varsel_om_oppstart

Dato:

2025-08-25


► **Melding om oppstart av planarbeid - Bremanger kommune**
Detaljreguleringsplan Klausen Industrier, g/bnr. 28/356 m.fl.

Bakgrunn og føremål med planarbeidet

Du mottok dette brevet grunna at du er grunneigar, nabo, myndigheit eller organisasjon som skal ha varsel om planoppstart, jf. PBL § 12-8.

Norconsult AS er engasjert av Klausen Industrier AS for å leie planarbeidet for detaljreguleringsplan for Klausen Industrier, g/bnr. 38/356 m.fl. i Svelgen i Bremanger kommune. Formålet med planarbeidet er å sikre moglegheiter for utvikling av drifta, i tråd med avsett areal i arealdel til kommuneplan. Område det vert varsla oppstart på skal sikre moglegheiter for etablering av ny industrihall, administrasjonsbygg og parkeringsplass for besøkande og tilsette. Konkret er det ynskje om å regulere naudsynt areal for eit nytt administrasjonsbygg vest for eksisterande bygningsmasse. Som fylgje av nytt administrasjonsbygg skal planen greie ut ny tilkomst frå vest via Strandvegen (Kv2350). Det er i det innleiande arbeidet vurdert at varelevering skal skje via eksisterande tilkomst via Gunnar Schjelderupsveg(Kv1300). Planarbeidet skal avklare korleis vegframføringa kan løysast med omsyn til trafikktryggleik og landskapstilpassing. Vidare skal planarbeidet avklare trong for terrengtilpassing og massehandtering som fylgje av tiltaka planen legg opp til.

I oppstartsmøte med Bremanger kommune har det kome fram at kommunen rår til at planavgrensinga skal utvidast til å gjelde også for heile arealet verksemda nytter i dag, samt ei avgrensing som tek med seg arealet ned mot sjø. Planavgrensinga ved oppstart av planarbeidet er om lag 12 daa.



Figur 1 Planavgrensing synt med svart stipla farge.

Tilhøvet til overordna og gjeldande planar

I gjeldande kommuneplan for området, arealdel til Bremanger kommune 2024-2036 er planområdet avsett til næring og LNF. Det er vurdert at dei aktuelle formåla for ny plan er i samsvar med overordna plan.

Gjeldande reguleringsplan for deler av planområdet er «Fv 614, gang og sykkelveg Svelgen», vedteken 28.02.2019. Gjeldande reguleringsplan regulerer køyreveg og avkøyrsløp frå Fv 614 mot tiltaksområde. Austre del av planområdet er regulert med føremål næring. Nordaustre del av planområdet er regulert til industri i reguleringsplan for Svelgen sentrum, stadfest 19.06.2001 planid.

2001.01.



Figur 2 Utsnitt fra arealdel til kommuneplanen, gjeldande detaljreguleringsplan til høgre.

Planprosess

Det vart halde oppstartsmøte med kommunen den 18.06.2025 der administrasjonen tilrådte oppstart av planarbeidet, under føresetnad om at planområdet vart utvida til å omfatte område som synt i figur 1.

Kommunen vurderer at planen ikkje leiår til krav om konsekvensutgreiing. Kommunen legg til grunn plankonsulent si vurdering «*Tiltaka planen skal legge til rette for er vurdert til å vere i samsvar med overordna arealbruk. Det er vidare vurdert at planen og tiltaka ikkje vil få vesentlege verknadar for miljø og/eller samfunn*». Med bakgrunn i planinitiativet og oppstartsmøtet tilrår Bremanger kommune at det vert starta reguleringsplanarbeid.

Kommunen har vurdert kven som skal varslast om planarbeidet. Alle kjende grunneigarar/naboar som grensar til eller ligg innanfor planområdet får tilsendt dette varselet. I tillegg vert oppstart av planarbeid annonsert i Firdaposten og lagt ut på nettsida til Bremanger kommune <https://www.bremanger.kommune.no>

For nærare informasjon om planarbeidet kan spørsmål rettast til:

Åsmund Veigel Gaukstad

mob. 908 20 625

e-post: asmund.veigel.gaukstad@norconsult.com

Dersom du har opplysningar, synspunkt, merknader, planar, eller informasjon om tinglyste rettar som kan vere av interesse for planarbeidet, ber vi om at du tilskriv:

Norconsult AS

v/Åsmund Veigel Gaukstad

asmund.veigel.gaukstad@norconsult.com

Campus Fosshaugane

Trolladalen 30

6856 Sogndal

Vi ber om at ev. innspel til varsel om planoppstart vert sendt skriftleg **innan 23.09.2025**.

Med vennleg helsing

Norconsult AS

Åsmund Veigel Gaukstad

Arealplanleggjar